


### 3.17 Langedalen, Veitastrand

#### *Topografi og landskapsformer*

Langedalen strekkjer seg om lag 8 km frå Tungestølen/Nystølen i munninga av dalen og opp til Langedalsbreen i nordvest (fig. 3.17.1). Dalbotnen er nesten flat i om lag 5 km. Inst i dalen går dalen bratt opp til fronten av Langedalsbreen og vidare bratt opp til toppen av Jostedalsbreen. Dalsidene er bratte og dalen er omkransa av høge fjell, som t.d. Opptakshaugane (1629 moh.), Midtnovi (1210 moh.), Grensevarde (1740 moh.), tre namnlause fjelltoppar på NA-sida av dalen (1665 moh., 1661 moh., 1593 moh.) og Skyttarpiggen (1411 moh.).




Figur 3.17.1 Topografisk kart over Langedalen. Den grøne streken markerer grensa for nasjonalparken. Kart: norgeskart.no.


### Lausmassekart og jordartfordeling

Figur 3.17.2 syner eit lausmassekart over Langedalen. Moreneavsetningar er lokalisert til eit område nord for Tungestølen og til nokre område oppe i dalsidene i den indre del av dalen. I den indre delen av dalen ligg ein serie med moreneryggar avsett av Langedalsbreen under «den vesle istida». Dalbotnen frå Tungestølen/Nystølen og innover dalen er dominert av breelvmateriale. På begge sider av dalen er fleire område med samanhengande skredmateriale og flaumskredvifter, der vifta like nord for Nystølen er den største (fig. 3.17.3).


Moreneryggane avsette av Langedalsbreen under «den vesle istida» kjem tydeleg fram på eit LiDAR-kart (fig. 3.17.4).



Figur 3.17.2 Lausmassekart over Langedalen.




Figur 3.17.3. LiDAR-kart over ytre delen av Langedalen. LiDAR-kart: hoydedata.no.




Figur 3.17.4 LiDAR-kart over breforlandet til Langedalsbreen, der moreneryggane avsette under «den vesle istida» kjem tydeleg fram. Moreneryggane er ikkje daterte. LiDAR-kart: hoydedata.no.

Eit snitt langs Langedøla (fig. 3.17.5) syner eit snitt med veksingar mellom minerogene lag og torvhorisontar med tre-/greinerestar (Nesje m. fl., 2022). Trerestane er daterte med radiokarbonmetoden og dateringane syner at torvhorisonten i den nedre delen av snittet vart avsett i perioden 914-976 år AD medan den øvste torvhorisonten vart avsett 1590-1620 år AD. Den yngste datering markerer framveksten av ein lokalbre sørvest for Langedalen og utbygging av ei breelvvifte ved starten av «den vesle istida».



Figur 3.17.5 A) Oversiktsfoto av Langedalen og Austerdalen der det undersøkte snittet er markert. B) Nærbilete av området med det undersøkte snittet. Pila markerer maksimumsutbreiinga til Langedalsbreen under «den vesle istida». A og B er snøskredgroper. C) Gamalt bilete (udatert) frå Langedalen (NGU sitt fotoarkiv). Figuren er frå Nesje m. fl. (2022).



Figur 3.17.6. Foto av det undersøkte snittet, logg av stratigrafien i snittet og dateringane av trerestar (alder AD) frå snittet (frå Nesje m. fl., 2022).

### Verdivurdering

Moreneryggane avsette av Langedalsbreen under «den vesle istida» er markerte og tydelege i terrenget. Randmorenane er viktige naturdokument og av stor forskingsmessig interesse både nasjonalt og internasjonalt. Det må derfor ikkje gjerast inngrep i desse moreneryggane og ein bør unngå for mykje stislitasje der stiane kryssar over moreneryggane.